

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 21. november 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Regional kompetansestrategi – Campusutvikling Førde

FU-notat av 22.11.17 presenterte status/planar for vidare arbeid med regionale kompetansestrategiar. Basert på definert behov for utvikling av strategiar og tiltak er utdanningsområdet det mest sentrale innsatsområdet. Grunnlaget for arbeidet opp mot høgskulesektoren baserer seg på følgjande delkonklusjon:

«Utvikling av Campus Sogndal og Campus Førde er avgjerande for å utvikle arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane. Høgskulen på Vestlandet må, i samarbeid med regionale aktørar, legge til rette for utviklingsstrategiar for Campus Sogndal og Campus Førde som er i tråd med plattformen for høgskulefusjonen.»

Hovudprioritet i arbeidet med utvikling av Campus Førde har vore å identifisere synergjar i eit utvida samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Fagskulen i Sogn og Fjordane (FiSF) om dei tekniske og næringsretta høgskuleutdanningane.

Søknadstala til HVL og FiSF har auka, men det er behov og potensiale for å styrke rekrutteringa vidare for å få stabilisert eit langsiktig tilbod i regionen. Dette er også viktig for å støtte næringslivet sine behov. Det viser seg at 4 av 5 som tek utdanninga si i fylket blir, medan berre 1 av 5 som utdannar seg utanfor fylket kjem tilbake.

På bakgrunn av ovannemnde er det utvikla eit grunnlagsdokument for ei felles satsing mellom HVL og FiSF – «Campus Førde Verftet». Dette er eit ledd i fleircampusutviklinga til HVL, og ifølgje dekan for ingeniørutdanninga der er prosjektet unikt i nasjonal samanheng. I tillegg vil ei realisering av prosjektet bidra til eit nødvendig kompetanseløft for FiSF for å møte nye krav i fagskulelova og ny status som høgare yrkesfagleg utdanning. Ei sterkare yrkesretting av teknisk høgskule-utdanning vil også legge grunnlag for å utvikle ein ny samhandlingsarena mellom utdanning, næringsliv og offentleg verksemd.

Dei overordna målsettingane for prosjektet er:

- Auka rekruttering av studentar til høgare utdanning innan tekniske fag.
- Auka rekruttering av studentar for etter- og vidareutdanning.
- Støtte innovasjon, FoU og verdiskaping der bedriftene er lokalisert.
- Styrke samanhengen i utdanningsløpet mellom vgs., fagskule og høgskule.
- Etablere samarbeid om kompetanseutvikling og innovasjon med relevante miljø i Vestland fylke.

For å nå dei overordna måla er den langsiktige strategien å utvikle eit kompetanse- og innovasjonssenter. Prosjektet ønskjer ei etablering knytt til Hellenes sitt areal på det gamle verftsområdet i Førde der eigarane har ønske om å bidra til å skape eit slikt miljø. Arealet som Hellenes Yards AS disponerer har sterke og unike fortrinn m.o.t. areal på 18.000 kvm under tak, høghallar for testfacilitetar, sjøtilgang, kranar m.m.

Utviklingsplan 2019 - 2022

Utdanningsinstitusjonane representert ved HVL og FiSF er hovuddrivkrefter i det vidare prosjektet. Ambisjonen er å utvikle si regionale rolle og på den måten bidra til å styrke bedriftene i regionen. Auka FoU-satsing knytt til campusane, m.a. i Førde, er også ein sentral føresetnad for å realisere HVL sin ambisjon om å søke universitetsstatus i 2023.

Resultatmål:

- 270 høgskulestudentar innan tekniske fagområde hausten 2022 (auke 100).
- 330 fagskulestudentar innan tekniske fagområde hausten 2022 (auke 100).
- Auka FoU-aktivitet og innovasjonsprosessar i samarbeid med næringslivet.

Realisering av resultatmåla byggjer på følgjande utviklingstiltak:

a) Felles laboratorium og infrastruktur

Oppdatert utstyr og kompetanse er avgjerande for å styrke rekrutteringa, auke kvalitet og yrkesretting av utdanningane, og utvikle samarbeidet med næringslivet. Ein stor del av FiSF-studentane kombinerer arbeid med utdanning, og oppdatert utstyr og kompetanse er avgjerande for at utdanninga skal vere relevant. NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga) påpeikar også at ei eit fullgodt ingeniørstudium må ha gode laboratorium.

b) Felles rekrutterings- og utdanningsstrategiar

Ei vidare fellessatsing på y-vegen, også som eit ledd i å auke rekruttering til yrkesfaga, er nødvendig for å styrke arbeidet med å møte regionen sitt arbeidskraftbehov i åra framover.

c) Kurs- og opplæringsaktivitetar

Det er behov for ei meir samla tilnærming til bedriftene sine behov for kurs- og opplæringsaktivitetar, og opplæringskontora vert inviterte til samarbeid på dette området. Ei felles tilnærming til ei slik satsing kan også legge grunnlaget for å styrke rekrutteringa av lærebedrifter.

d) Innovasjon, forskning og utvikling

Innovasjon, forskning og utvikling er ofte tverrfaglege utviklingsprosjekt. Dette gir vidare høve til å kople saman studentar frå HVL og FiSF i utviklingsprosjekt med bedrifter, forskingsmiljø etc. Ei fysisk samling av ulike lab- og utstyrsfunksjonar vil styrke arbeidet med tverrfaglege prosjekt.

Realisering av Campus Førde Verftet som skissert vil styrke HVL og FiSF sine regionale roller og i større grad kunne tilby kvalitet i utdannings- og opplæringsaktivitetar som næringslivet har behov for. Det vil også legge grunnlaget for å styrke samhandlinga med næringslivet som eit ledd i arbeidet med å styrke innovasjon, forskning og utvikling.

Investering, drift og organisering

Utvikling av eit kompetanse- og innovasjonssenter vil basere seg på ei leige- og utviklingsavtale med Hellenes Yard AS. Pr. i dag leiger FiSF 360 m² til elkraftlab av Hellenes Yard AS, og organiserer sjølv samarbeid med HVL, vidaregåande skule, bedrifter etc. Ein har så langt hausta gode erfaring i samhandling mellom utdanningsinstitusjonane og har lagt eit godt grunnlag for vidareutvikling, også med næringslivet.

Styret i FiSF vedtok i sak 9/18 å søkje støtte hos fylkeskommunen som eigar til ei satsing som stør opp om delstrategien om utvida samarbeid med HVL. I sak 13/18 tilrår styret i tillegg at fagskulen si avdeling i Førde vert trekt ut av prosjekt Førde vgs. Basert på vurderingar opp mot rekruttering og studentmiljø, tilsette, økonomi og samarbeid med HVL konkluderer styret som følgjer:

«Basert på ny lovgiving, sentrale føringar og utvikling av samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, vil integrasjon i Førde vgs ikkje bygge opp utviklingsperspektiva og handlingsrommet til Fagskulen. Ei vidare lokalisering i Concord med samarbeid med Førde vgs og HVL gir best grunnlag for å styrke rekrutteringa, utdanningsstrategiar, kompetanseutvikling og langsiktig effektivisering av areal, investeringar og drift.»

Det er utarbeidd eit utkast til ramme for samla prosjektfinansiering dei første 3 driftsåra på inntil 80 mill. kr, der realiseringa vert planlagt i to ulike fasar. Investeringar utgjer hovuddelen av prosjektfinansieringa med ein «startpakke» for utdanning og FoU på inntil 25 mill. kr og eit ev. vidare løft med ein «utviklingspakke» for innovasjon og nyskaping på inntil 35 mill. kr. Meir detaljar om rammer for prosjektfinansieringa og finansieringsprofil vert det gitt ei nærare orientering om i FU 21.11.

Vidare arbeid:

1. I det vidare arbeidet med realisering av Campus Førde Verftet vert FiSF-styret si tilråding lagt til grunn, dvs. at Fagskulen vert trekt ut av prosjektet Førde vg skule. Ei endeleg FT-sak om Førde vg skule, der dette elementet vil vere innarbeidd, er tenkt førelagt FT i april 2019.
2. Fylkesrådmannen ønskjer å kunne leggje fram eit utkast til intensjonsavtale om eit Campus Førde Verftet for FU tidleg i 2019. Ei slik avtale er det tenkt at partane - fylkeskommunen og andre - skal kunne signere i etterkant. I arbeidet med ei slik avtale må vi også vurdere ev. problemstillingar i høve lov om offentlege anskaffingar.